
Saksnr: 2020/960-109**Saksbehandlar:** Matti Torgersen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		23.09.2020
Fylkesutvalet		29.09.2020
Fylkestinget		29.09.2020

Oppfølging av arbeidet med store statlege samferdselsprosjekt

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget ber fylkesordførar om å ta eit initiativ til å opprette eit felles kontaktutval for E39 gjennom heile Vestland.
2. Kontaktutval for E16 og Vossebana vert vidareført med fokus på strekninga Arna-Voss (K5).
3. Fylkeskommunen vidarefører sitt medlemskap i følgjande organisasjonar/selskap:
 - a) Stamvegutvalet E16
 - b) Forum nye Bergensbanen
 - c) Haukelivegen AS
 - d) IS Fjordvegen AS
 - e) Stad skipstunnel
 - f) Nasjonal rassikringsgruppe
4. Vestland fylkeskommune deltar i Vegforum Rv15 under føresetnad av at Innlandet fylkeskommune og Møre og Romsdal fylkeskommune gjer det same.
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen avklare samarbeidsformer med transportetatane for store statlege prosjekt, for m.a. koordinering av arbeidet i kontaktutval/selskap og i referansegrupper.

Samandrag

Saka gjeld korleis Vestland fylkeskommune skal arbeide med store statlege prosjekt, under dette engasjement i kontaktutval og selskap, og samarbeidsformer med transportetatene.

Fylkesrådmannen rår til at fylkeskommunen stort sett vidarefører sitt engasjement i dei forum fylkeskommunen er med i, men at kontaktutval for E39 i tidlegare Hordaland og stamvegutvalet for E39 gjennom Sogn og Fjordane blir slått saman til eit felles organ for E39. Det vert rådd til å også å delta i Vegforum Rv15 under føresetnad av at Møre og Romsdal og Innlandet fylkeskommunar også ønskjer å delta.

Fylkesrådmannen finn det ikkje naturleg at fylkeskommunen deltek i organisasjonar eller selskap som har som føremål å påverke fylkeskommunen eller som arbeider for å realisere fylkesvegprosjekt eller andre fylkeskommunale infrastrukturprosjekt.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Dina Lefdal
fylkesdirektør infrastruktur og veg

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget vedtok 12. mai 2020 innspel om prioriteringar til Nasjonal transportplan 2022-33. Denne saka omhandlar korleis fylkeskommunen skal arbeide med å følgje opp prioriterte store statlege prosjekt.

I høyringsutkastet til regional transportplan 2022-2033 står det m.a. følgjande utgreiingsbehov under plantema Nasjonale ansvarsområde:

- RTP skal avklare samarbeidsformer med Statens Vegvesen og dei andre transportetatane for planlegging av store statlege prosjekt.
- RTP skal lage retningslinjer for kva for interesseselskap for store veg- og jernbanesamband fylkeskommunen skal delta i, og kva for rolle fylkeskommunen skal ha i selskapa.

Dei to nemnte utgreiingstemane heng nært saman, og begge vert drøfta i denne saka.

Det ligg føre invitasjon til Vestland fylkeskommune om deltaking i interesseorganisasjonar for samferdselsprosjekt, dette er også drøfta i denne saka.

Det er fleire forhold som er viktige i fylkeskommunen sitt engasjement med store statlege samferdselsprosjekt:

1. Arbeide opp mot sentrale styremakter for realisering av store statlege prosjekt som er prioriterte av fylkestinget.
2. Vere orientert om pågåande planarbeid, og syte for at lokale og regionale interesser vert ivareteke.
3. Utforming av bompengesøknader der dette er ein føresetnad for realisering av prosjekta.

Ein sentral premiss for drøftinga er at fylkeskommunen har ei leiarrolle i utvikling av fylket. I dette ligg å leie interessehevdingsarbeidet i fylket, og dermed også å samordne og avvege interessene til ulike aktørar i fylket.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget har etter delegeringsreglementet ansvar for overordna planlegging og regional utvikling. Fylkestinget kan etter delegeringsreglementet pkt 2.2.2 opprette, omorganisere og leggje ned utval, og etter 2.2.3 opprette og leggje ned styre, jf kommunelova §5-10.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Drift av kontaktutval mv. må takast innanfor vedtekne økonomiske rammes

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Myndigheitsarbeidet og partnerskapsarbeidet innan samferdsel er sentralt i forhold til fylkeskommunen sitt samfunnsoppdrag: Vi set retning, engasjerer og samhandlar for å utvikle gode tenester og eit framtidsetta Vestland.

Fylkestinget sitt vedtak om store prosjekt i Nasjonal transportplan 2022.2033

Punkt 7 i fylkestinget sitt vedtak til Nasjonal transportplan 2022-2033 omhandla prioriteringar for store statlege prosjekt. Protokoll frå møtet ligg på:

<https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbId=1870&caseType=Protokoll®istryEntryId=60003&sourceDatabase=>

Arbeid med store prosjekt

Fylkeskommunen medverkar i arbeidet med store statlege med einskildprosjekt på fleire måtar.

Etatane sine referansegrupper for store prosjekt

Samferdselsetatane har etablert referansegrupper for større prosjekt. Dei som vert kalla inn er som regel fylkeskommunen, aktuelle ordførarar i kommunane/byråd for byutvikling i Bergen, samt fylkesmannen. Referansegruppene si funksjon har dels vore å informere kommunane og fylkeskommunane om status for planarbeidet, og dels å drøfte og gje moglegheit for politiske signal inn i planarbeidet. Det er oppretta referansegrupper for følgjande planprosjekt:

- E16/E39 Ringveg øst
- E39 Hordfast
- E16/Vossebana

Møtefrekvens har vore varierende. Målet har stort sett vore eit møte i halvåret, men i praksis har det som regel vore noko sjeldnare.

Det er vurdert at både opposisjon og hovudutval skal vere kjende med dialogen fylkesordførar har med etatane om store statlege samferdselsprosjekt, og følgjande har vore kalla inn til desse møta:

- Fylkesordførar
- Opposisjonsleiar
- Leiar i hovudutval

For andre store statlege samferdselsprosjekt i fylket er samarbeidet ikkje formalisert på same måte, men kontakten er avhengig av problemstilling.

Politiske kontaktutval, interesseselskap og organisasjonar

Hordaland fylkeskommune oppretta i fylkestingperioden 2011-2015 politiske kontaktutval (pådrivarorgan) med representantar frå kommunane (ordførarar) og lokalt næringsliv for Hordfast og for E16/Vossebana («K5»). I tillegg vart det oppretta eit kontaktutval for Rv555 Sotrasambandet. Det siste hadde opphavleg eit avgrensa føremål om å utarbeide ein bompengesøknad. Med unnatak av eit felles møte i desse tre kontaktutvala 1. april 2019, har det ikkje vore aktivitet i desse organa dei siste åra. I dette møtet vart kontaktutvalet for Hordfast utvida til å gjelde for heile E39 gjennom Hordaland. Målet med desse kontaktutvala var å arbeide for å realisere dei nemnde prosjekta.

Tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune gjekk inn i Stamvegutvalet for E39 i Sogn og Fjordane, Målet er å arbeide for opprusting av E39 gjennom Sogn og Fjordane til Stamvegstandard/gul midtstripe. Utvalet består av kommunar langsetter traseen i gamle Sogn og Fjordane, Vestland fylkeskommune samt representantar for transportbrukar, partane i arbeidslivet og næringslivet.

Vestland fylkeskommune deltek utanom dette i ei rekkje interesseselskap/organisasjonar som arbeider for prosjekt/utbetring av lengre strekningar, der andre fylkeskommunar inngår som medlem. Dette er

- Stamvegutvalet (E16) arbeider for å få ein raskast mogleg opprusting av E16 mellom Sandvika og Bergen til stamvegstandard. Utvalet består av kommunane langsetter traseen, samt Vestland og Innlandet fylkeskommunar.
- IS Fjordvegen har som føremål å arbeida for utbygging av fv./rv.13 slik at denne blir ein trygg veg med gjennomgåande høg standard og gul midtstripe for heile strekninga. Vidare å marknadsføre vegstrekninga som ei effektiv og vakker transportåre og som den indre stamvegen frå Nord-Jæren til Sunnfjord. Organisasjonen består av kommunar langsetter traseen, Rogland og Vestland fylkeskommunar samt ulike næringsverksemdar langsetter vegen.
- Prosjektgruppa for Stad skipstunnel arbeider for å realisere skipstunnelen. Den består av kommunar, Vestland fylkeskommune og for næringsliv.
- Forum Nye Bergensbanen er ein interesseorganisasjon med formål å arbeide for modernisering av Bergensbanen og bygging av Ringeriksbanen. Målet er m.a. ei køyretid på 4 timar mellom Oslo og Bergen. Viken fylkeskommune og kommunar langsetter banen er medlem.
- E134 Haukelivegen AS har som føremål å arbeide for utbygging og standardheving av E134 Haukelivegen og rv. 23. Medeigarar er kommunar langsetter traseen, fylkeskommunar og ein rekkje bedrifter. Dette er den einaste som er organisert som aksjeselskap.

Begge dei to gamle fylkeskommunane var med i IS Fjordvegen og Stamvegutvalet E16. Sogn og Fjordane fylkeskommune var med i prosjektgruppa for Stad skipstunnel, og Hordaland fylkeskommune i Forum Nye Bergensbanen og E134 Haukelivegen.

Forskjellen mellom kontaktutval og organisasjonar/selskap er i første rekkje knytt til formell status. Kontaktutval kan oppfattast som eit organ oppretta og styrt av fylkeskommunen, mens interesseorganisasjonar er registrert med organisasjonsnummer. Fylkeskommunen er også medeigar i eit aksjeselskap (E134 Haukelivegen AS), og denne blir styrt på vanleg måte gjennom aksjelova. Dei ulike organisasjonane/selskapa som fylkeskommunen er med i, har ulike formar og har ulike typar av partnerskap. Nokre har med kommunar, og nokre har også med deltaking frå næringsliv.

I tillegg er Vestland fylkeskommune med i Nasjonal rassikringsgruppe som arbeider for å sikre alle skredpunkt med skredfaktor høg og middels. Gruppa består av representantar frå fylkeskommunar med store skredutfordringar.

Det kan elles leggast til at nemnast at for ein del år tilbake vart eit eiga stamvegutval for Kyststamvegen E39, men dette vart avvikla i samband med oppretting av Vestlandsrådet i 2003. Vestlandsrådet har etter dette ivareteke pådrivarfunksjonen for ferjefri E39.

Interesseselskap/organisasjonar som ønskjer Vestland fylkeskommune som medlem

Tidlegare Hordaland fylkeskommune har vore invitert inn som medeigar i eit selskap, Hordfast AS. Fylkestinget i Hordaland gjorde m.a. slikt vedtak 2. oktober 2018 (PS-sak 93/2018):

«Fylkestinget syner til at det er starta eit arbeid med korleis det framtidige påverknadsarbeidet og samarbeidet med kommunar og interesseorganisasjonar skal organiserast i store samferdsleprosjekt. Når dette arbeidet er , kan fylkestinget ta stilling til eventuell deltaking i pådrivarselskap eller andre typar selskap knytt til einskildprosjekt. Fylkestinget vil difor ikkje ta stilling til kjøp av aksjar i Hordfast AS på det noverande tidspunktet.»

Det er kome ein invitasjon til deltaking i Vegforum Rv15 datert 11. februar. På møte i Geiranger den 25.09.2019 vart det vedteke følgjande mandat for forumet:

«Vere pådrivar og følgje opp at vedteke konsept B1 med arm til Geiranger vert planlagt og prioritert for utbygging i Nasjonal Transportplan 2022-2033. Samt at heile strekninga Måløy-Otta får god nok standard og vert rassikker.»

Lyntogforum Vestlandsbanen har gitt orientering i SAMO, og gitt uttrykk for ønskje om at Vestland fylkeskommune blir medlem. Etter det vi kan sjå, har det aldri vore ei formell søknad om medlemskap til Vestland fylkeskommune eller til tidlegare Hordaland fylkeskommune.

Fylkesrådmannen sine vurderingar

Det er behov for å avklare korleis fylkeskommunen skal arbeide med å følgje opp store statlege samferdselsprosjekt.

Gjennom fylkestinget sitt vedtak om innspel til Nasjonal transportplan 2022-2033, har Vestland fylkeskommune teke stilling til kva for prosjekt som det skal arbeidast med i den komande NTP-perioden. Vedtaket gir dermed rammer og forankring for fylkeskommunen sin aktivitet og engasjement for store statlege samferdselsprosjekt. Organisering av interessehevdingsarbeidet må byggje på dette.

Dagens organisering med deltaking i mange kontaktutval/organisasjonar gir ein fare for fragmentering av interessehevdingsarbeidet i fylkeskommunen. Det kan gi uklære og sprikande signal om kva som er fylkeskommunen sine synspunkt innan samferdselsprioriteringar, då selskapa kan arbeide med prosjekt og løysingar som ikkje er i tråd med fylkestinget sitt vedtak. Ein kan kome i ei dobbeltrolle i slike interesseselskap ved prioritering mellom ulike statlege prosjekt.

Samstundes kan kontaktutval/organisasjonar bidra til å koordinere interessehevdingsarbeidet med kommunar, andre fylkeskommunar og andre aktørar som arbeider med sikte på realisering av statlege infrastrukturprosjekt.

Det kan vere naturleg å bruke kontaktutval i dei tilfelle ein arbeider for prosjekt som ligg i Vestland fylke, slik at det er fylkeskommunen som leier arbeidet med desse prosjekta. For fylkeskryssande samband, bør aktiviteten skje gjennom selskap/organisasjonar.

Fylkesrådmannen legg til grunn at fylkeskommunen sitt engasjementet i dei ulike interesseorganisasjonane, kontaktutvala og selskapa i hovudsak blir vidareført, med visse justeringar. Desse organa og selskapa må ha ei forankring i politiske vedtak, og må rapportere til fylkespolitiske organ.

Fylkesrådmannen vil rå til slik organisering av arbeidet med store statlege prosjekt:

- Det blir etablert eit felles E39-utval for heile fylket. Det betyr at fylkeskommunen trekkjer ut sitt engasjement i stamvegutvalet for E39 utvalet gjennom Sogn og Fjordane og legg ned kontaktutval for E39 Hordfast. Det vil vere naturleg at den består av kommunane langsetter vegen, men bør truleg ha ein form for eit mindre styre som kan leie arbeidet. Utfordringa med å utarbeide eit slikt organ, kan likevel vere at stamvegutvalet for E39 gjennom Sogn og Fjordane har ei sterk lokal forankring. Det kan likevel vere behov for eit felles utval, og fylkesrådmannen oppfattar at ein slik organisering er i tråd med fylkestinget sitt NTP-vedtak, der det er lagt opp til å utvikle E39 som ein samanhengande korridor.
- Kontaktutval for E16 og Vossebana vert vidareført med fokus på strekninga Arna-Voss (K5). Anna engasjement i forhold til E16 skjer gjennom Stamvegutvalet E16, og for Bergensbanen gjennom Forum nye Bergensbanen, der det kan vere naturleg at fylkeskommunen framleis er medlem.
- Arbeid knytt til E134 blir ivareteke gjennom Haukelivegen AS.
- Fylkeskommunen sitt engasjement i forhold til rv. 13 blir vidareført gjennom medlemskap i IS Fjordvegen.
- Fylkeskommunen sitt engasjement for Stad skipstunnel blir vidareført gjennom medlemskap i Stad skipstunnel.
- Vestland fylkeskommunen avklarar sitt engasjement til Vegforum Rv15 med Møre og Romsdal fylkeskommune og Innlandet fylkeskommune. Etter vår vurdering krev deltaking i dette forumet at også dei andre to fylkeskommunane deltek i dette.
- Vestland fylkeskommune vidarefører sitt engasjement i Nasjonal rassikringsgruppe og Forum nye Bergensbanen.

Rv. 555 Sotrasambandet er kome i ein byggjefase, og fylkesrådamannen meiner det ikkje er behov for vidareføring av kontaktutvalet for dette prosjektet.

Det kan vere naturleg at Vestland også deltek i Vegforum Rv15. Dette krev etter fylkesrådmannen si meining at både Innlandet fylkeskommune og Møre og Romsdal fylkeskommune også vel å melde seg inn.

Det er ikkje naturleg for Vestland fylkeskommune å vere med i Hordfast AS gitt deira mandat.

Det er ikkje naturleg at fylkeskommunen deltek i organisasjonar eller selskap som har som føremål å påverke fylkeskommunen. Fylkesrådmannen vil difor peike på at fylkeskommunen ikkje kan vere med i selskap som arbeider for å realisere fylkesvegprosjekt eller andre fylkeskommunale infrastrukturprosjekt.

Som nemnt deltek eix rekkje andre aktørar i ulike forum saman med fylkeskommunen og aktuelle kommunar. For å få operative og reine politiske organ, meiner fylkesrådmannen hovudregelen bør vere at deltaking i størst mogleg grad blir avgrensa til politisk deltaking frå kommunar og fylkeskommunar, saman med tilhøyrande administrasjon.

Dei nemnte kontaktutvala i tidlegare Hordaland fylkeskommune er blitt relativt store organ, noko som førar til at dei blir meir informasjons- og drøftingsorgan enn operative organ som kan styre arbeidet både med å fremje prosjekta, og å få utarbeida bompengesøknader.

Det er likevel både behov og forventning frå andre aktørar til medverknad i prosessen, og også behov for koordinering av aktivitet. Våren 2020 blei det avholdt 3 regionale møte og eit videomøte der ulike aktørar kunne spele inn sine synspunkt til fylkeskommunen si NTP-uttale. Etter fylkesrådmannen si

mening fungerte dette godt. Det kan vere naturleg å vidareføre dette i samband med neste NTP-rullering.

Det er også behov for dialog med ulike partar også utanom NTP-møta. Ein moglegheit kan vere at det blir oppretta referansegrupper for kontaktutvala, med brei deltaking med eit møte eller to i året. Sjølv kontaktutvalet møter oftare, minst ein gong i halvåret.

Eit alternativ kan vere at fylkeskommunen held strategikonferansar innan samferdsel med brei deltaking. Med dette kan ulike aktørar i fylket bli informert og få moglegheit til å påverke fylkeskommunen sine haldningar, og det kan bidra til å koordinere aktiviteten til ulike aktørar som arbeider med påverknadsarbeid innan samferdsel i fylket. Slike konferansar kan enten bli helde når det er behov, eller t.d. ein gong årleg.

Det er behov for informasjon frå etatane i møte i kontaktutval/organisasjonar. Grensesnittet mellom kontaktutval og referansegruppene til samferdselsetatane bør avklarast. Vi rår til at vi inviterer til ein dialog med samferdselsetatane for å vurdere samordning av arbeidet i kontaktutval/organisasjonar og i referansegrupper. Samstundes kan ikkje etatane delta på møte der føremålet er å drive påverknadsarbeid mot sentrale statlege styresmakter. Ein modell kan difor vere at ein deler møte i to, der ein del vert av meir informerende karakter. Her kan det vurderast om også representantar for næringsliv og andre aktørar bør delta. Den andre delen av møtet bør vere for ordførarar og politisk nivå i fylkeskommunen med tilhøyrande administrasjon.

Bompengesøknader skal ha ei lokal forankring og organisering, og krev vedtak i aktuelle kommunar og i fylkestinget. Det er naturleg å bruke dei ulike kontaktutval/organisasjonar for å forankre bompengesøknad.

Fylkeskommunen må rekne med å ha sekretariat for kontaktutval. Dei ulike interesseorganisasjonane/selskapa har eigne sekretariat.

Konklusjon

Fylkesrådmannen rår til at fylkeskommunen stort sett vidarefører sitt engasjement i dei forum fylkeskommunen er med i, men at kontaktutval for E39 i tidlegare Hordaland og stamvegutvalet for E39 gjennom Sogn og Fjordane blir slått saman til eit felles organ for E39. Fylkeskommunen blir også med i Vegforum Rv15 under føresetnad av at Møre og Romsdal og Innlandet fylkeskommunar også ønskjer å delta.

Fylkeskommunen avklarar med transportetatane om samarbeidsformer for store statlege prosjekt, under dette om det er mogleg å koordinere arbeidet i kontaktutval og i referansegrupper.

Det må avklarast kva for deltaking det bør vere i dei ulike organa, og det bør avklarast samarbeidsformer med næringsliv, organisasjonar og kommunar i interessehevdingsarbeidet.

Det er ikkje naturleg at fylkeskommunen deltek i organisasjonar eller selskap som har som føremål å påverke fylkeskommunen eller som arbeider for å realisere fylkeskommunale infrastrukturprosjekt